

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5⁻

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum

Emne: Vassbering

Bygdelaq: Løiskogbygda

Oppskt. av: Per Kjensberg

Gard:

(adresse): Løiskogbygda

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vass-sala til to bytter har vori i bruk. Det har vori to slag, ein med utholning åt halsen og ein utan. Den siste har ein gjerne litt på skrå over eine aksla. Den siste typen som er nemnt i spørjeliste, er ukjent. I nåane av åket var det på dei eldste vasselane fest vidjer med ein tre-krok i enden. Linnare brukte dei saumar med jærnkrokar. Mange kalla åket „bø & tre“ (av bôte = byrde), og ein sala om vass-sala-krok. Noko namn på reija eller saumen kjenner ein ikkje nå. Trebytter var i bruk til „plåtbyttene“ kom i bruk i 1880 åra og utover til 1900. Linnbyttene eller plåtbyttene kom fyrst i bruk heime på garden som rein-vassbytter. Sidan kom dei på saltrane og.
2. Der ein hadde stutt og jamn vassveg, bar mange vatn i „vass-så“, eit laggekjerald med to øyro. Dei sette ei stong gjennom øyrehola og to personar bar. Vasssåne var av litt ymse storhite. Dei tok frå 50 til 70 l. Ein aust i vatnet med ei lita, litt bytte dersom ein bar frå ei kjilde. Var det frå ein

brunn, der vatn stod ein meter eller så under bakken, brukte ein „brunnkaki“ (ellu brunnkakkis). Dette var eit lagg kjerald på 6-7 liter med ein stav som var gjort så lang at han kunne bukkast til haddstak eller skaff som nådde ned at vatn. I djupare brunnar brukte dei vindstong med trebytte som tok 8-10 liter.

Vindstonga stod på høgre sida at brunnen på ein grov stolpe med kluff at sjolve stonga i toppen. Vindstonga hadde ofte ei vekt fest til rot-enden så denne vog jamnt med ei fyllt vassbytte i toppenden. Frå stongtoppen hang ei tunn stong ned til byttefestet.

Ein brukte sjeldan lok av røker slag på vasssien når ein bar han, men oftast når ein dro vatn. Ein hadde då lok fest til ågro på sien, men om vinteren la det seg is på såkanten, og loket gjekk ikkje på. Difor la ein oppi litt snø for skvølpinga.

På dei store gardane og på slike setnar som tok sytningkyr, brukte dei mjølksa med lok og to ågro. Han var oftast mindre enn vasssien.

3. Å setja vasskart på ski har ikkje vori vanleg utan når ein vanta vasskjelke. Vasskjelken var enkel, med to fjetre feste til meiane med stams trenaglar og „håre“ til draget. Desse trenaglar skar ein av to-tre tommar oppfrå kjelken så dei berke til studnad for sien så han ikkje skulle sleiva av kjelken. Låm stod rundt innantfor desse fire naglar.

4. Alle i huskledan bar vatn, eller som det hörde, likevel fall nok det mest på kvinnur.

3
Var mannen i skogen om vinteren, og det var han oftast, så var det krønnen som laut her eller dra vatn. Men hadde dei store smågutar, var det dei som hjelpte til.

På storgardane der det ikkje var innlagt vatn i fjøset, laut buidene ofte dra vatnet til fjøset. Tunnegjentene sygde for vatnet i kjøkenet, og karane bar åt stallen. Vintertida dro dei vatnet, serleg åt fjøset. Tunnegjekk det mindre så der var dei nok ofte.

5. Vasselen er lite i bruk nå, men ikkje heilt or bruk alle stader, då serleg på små bruk med lang vassveg. Mange dreg vatn på kjelke. Men dei gamle vass siane finst det få. Dei brukar sildkanner, askjeringar og jernkanner.

På stutt vassveg ber dei vatnet i bytter utan sel. Dei fleste har brønn på tunet, og mange har innlagt vatn.

Stort sett er det folk på dei minste brukene som ber og dreg vatn.

6. I gamle dagar var det ikkje sjeldan dei køygde vatn med hest og slede på storgardane. Dei fleste hadde nok brønn på tunet, men vintertida var det ofte for lite der til brukene.

Då har det vore sjeldan at ein køygde vatn om sumaren. Då var buskopen på vatn, og sjøls om det var kort, var det då bering til kjøkenet. òk vel har det vore slike kurve summerar at mest alle brønner har vore kurve, serleg langs Glomma og i Sørnes, slik som i 1947. Då laut dei slå seg saman og køyge vatn med til. I staden for å køyge vatn til kledvask, køygde dei

4


ofte kledd til ein stor bekk eller ei elv og
vaska dei der, i alle fall skyldde dei i sjölvv elva.
Dette var skikk på storgardane.

7. Tetter ei helging i Telverium har omlag 1/3 av
gardane innlagt vatn. Tetter siste krigen
har mange freista å få innlagt vatn, men
få har fått alt i stand ennå.


1503

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Vass-sele



Vass-så og Kjelke



Vasskaker



1503

Hed.
Elverum

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY


2472

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Svar: Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? Svar: Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel? Svar: Nei.

Hedmark fylke.

Elverum.

Samdar: Per Kjønslery
Sørskoghygda.